

Forprosjekt Pilot Helse

Vi lyser ut midlar til forprosjekt for å støtte potensielle søkjarkonsortium med å utvikle prosjekt med dei best moglege føresetnadene for å kunne bidra til målsetjinga for Pilot Helse-ordninga.

Pilot Helse-prosjekt skal vere ambisiøse innovasjonsløp som blir kjenneteikna ved at dei blir gjennomførte av breie konsortium med samarbeid på tvers av fleire sektorar (offentleg, privat, forskingsorganisasjonar og brukarorganisasjonar) og tenestenivå.

Målet med forprosjekt

Målet med å lyse ut midlar til forprosjekt er å

- sikre brei brukarinvolvering og behovskartlegging i tidlege fasar av prosjektutviklinga slik at løysingane som blir utvikla er i tråd med behova hos pasientar, innbyggjarar, tenesta og samfunnet
- sørge for etablering og god forankring av samarbeid mellom relevante prosjektdeltakarar frå offentleg sektor, næringsliv, forskingsorganisasjonar, brukarorganisasjonar, frivillig sektor eller andre relevante aktørar
- sørge for at det er gjennomført ei kartlegging av føresetnadene for at den/dei offentlege verksemda(ene) kan implementere innovasjonen, inkludert behov for t.d. organisatoriske og systemtekniske endringar
- gjere det mogleg å kartleggje korleis eit eventuelt innkjøp skal finne stad
- identifisere synergjar mellom forprosjekta og eventuelt foreslå nye samarbeid

Kva skal du få til i forprosjektet?

Forprosjektet skal resultere i svar som kan brukast som grunnlag for søknad til eit hovudprosjekt. I løpet av forprosjektet skal de finne ut av

- kva behov og utfordringar hovudprosjektet skal rette seg mot, fortrinnsvis basert på tidleg brukarinvolvering og behovskartlegging
- kva mål og ambisjonar hovudprosjektet skal ha – korleis skal prosjektet bidra til å løyse utfordringane og dekke behova
- kven skal delta i hovudprosjektet med rolle- og ansvarsskildring for alle aktørar inkluderte brukarar og andre interessentar
- korleis verdiskapingspotensialet og potensielle gevinstar frå prosjektet kan sannsynleggjerast, korleis kan prosjektet bidra til målsetjinga for Pilot Helse
- korleis hovudprosjektet kan gjennomførast, kva skal til når det gjeld ressursar og budsjett
- kva de må gjere og kven de må involvere i hovudprosjektet for sikre at innovasjonane som prosjektet skal utvikle skal kunne implementerast og skaffast
- korleis eit hovudprosjekt kan utnytte eksisterande forskings- og innovasjonsinfrastruktur (til dømes katapult-senter, nasjonale forskingsinfrastrukturar)

Forprosjekta kan strekkje seg over inntil seks månader og kan få inntil 250 000 kroner i støtte. Støtta kan dekkje inntil 100 prosent av støttegodkjende kostnader.

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.